

# LBTidende

NYHENDE!!!

Diktarhøvding og superungkar Brynjulf Grinden vart sist laurdag observert på Skei Hotell i Jølster, kun iford ei ung forfattarinne ved navn Marit Landemo. Det har ikkje lukkast LBTidende å få tak i Grinden for kommentar, men ryktene fortel at ungkarsdiktaren no står i overhengande fare for å bli ekscludert frå DNUF(Den norske UngkarsForening). Leiari i DNUF, Bjartmar Lierne, seier i ein tåredryppande kommentar at han er dørgande skuffa over Grinden.

-Og så eg som hadde gledd meg slik til "Uorrodoksiske ungkarstankar 2", snufsa han. Me i redaksjonen føler med han, og voner at Grinden ikkje går seg vill i ukjende skogar og ukjende farvatn. Følg med i neste nummer av LBTidende.



B. LIERNE

SISTE---SISTE---SISTE---SISTE

Rett før deadline har det lukkast oss å få tak i Grindens nye flamme, den kjende varulv og måneskinnsdiktarinne Marit Landemo. Vi fekk eit par ord med ho då ho var på veg ut av badstua på Skei Hotell... Ho nekta å la seg intervju, men kunne gjerne intervju seg sjølv, så her kjem hennar bidrag:

Har du noko forhald til B.Grinden?

- Eg skal tilstå at eg kjenner meg svært tiltrekt av Brynjulf Grinden. Og som forfattar vil eg seie at her er inspirasjon å hente hos han. Ja eg trur mest at han høver godt inn i mine litterære produkt. Han er jo litt vill av seg på meir enn ein måte, så det passar godt inn saman med mine varulvar og demonar frå middelaldaren.

Har han nokon feil i det heile tatt?

-Well. Det kan nok seiest å vere eit minus at han ikkje har nokon kvit hest, men ein kjem langt med ein blå bil og då.

Er han ein spanande mann?

- Åja.(sukkar) No om dagen kidnappa han meg og tok meg med på ei nasjonalromantisk ferd gjennom Sogn og Fjordane. Ja eg skal slett ikkje gå i detaljar, men eg skal ikkje nekta for at eg fekk nye impulsar til dei heitare partia i min neste romanserie "Vampyrens begjær".

Patosfylt helsing  
yours sincerely  
Marit Landemo

← B. GRINDENS LÆGE

Grindens læge i sjokk!



No skal de høre det godtfolk....! LBTidende har som vanleg nase for nyhende. Slik lyder dagens ord:

B. Grinden var hos Lægen no nyleg. Diagnose: Altfor Mykje Kyssing(AMK). Lægen slår fast at kyss forbrenn mykje kaloriar.

- Dersom Grinden fortsett slik er eg redd det blir berre beingrinden att av han, seier Lægen i ein kommentar til LBTidende. Eg har difor sett han på kur. Han skal ete bondekost heime hjå ho mor i stova to gonger i veka, og i tillegg skal han ta to rosa piller om dagen, ein mot utidig hjartebank og ein mot svimmelheita som ofte følgjer med slike ting.

LBTidende vel rett nok å ta Lægen sin kommentar med ein klype salt og trur at Grinden er i rimelig bra form, tross sin alder. B.Grinden lenge leve. Hurra hurra hurra.

Red.

#### LB-Evangeliet

-ei alternativ trusretning.No fire medlem.

Det var i dei dagar Keisar Grinden lyste ut at det skulle takast manntal over alle dei tilsette i LB-gruppen. Då regjerte forlagssjef Dale på toppen og den unge forfatterinne M.Landemo var akkurat kommet inn i det gode selskab. Så var det at det kom ein engel ned til Grinden og han sa: Løland har fått ei hyse på 5 kilo. Keisar Grinden vart opp i under over slikt eit mirakel, så han befatte at no skulle det skrivast eit ti-bands verk om Hysefiskar Lølands æventyr ved Fjord og Fjeld. LB Forlag venta at dette ville bli ein stor suksess, så dei byrja straks å bære rökelse, myrra og maltøl til keisar Grinden, slik at han skulle spytte i litt gull i gruva. Men akk, det ville koste mykje gull og grøne skoger, så difor kom det store manntalet. Det er begrensa rom i herberget når slike store verk skal sjå dagsens ljós. Me ventar i spaning på fortsetjinga. Og ber ei bøn:  
Herre, gje meg lønning på fredag  
og lat Sogndal vinna kampen. +10 Ave Grinden.





Bind 3 er kommet!



## ILLUSTRERT SEKSUAL- LEKSIKON

Bind III med 1000 artikler og over 200 billeder foreligger nå.

Innb. kr. 36,00.

Et veld av saklige og meget fordomsfrie artikler om kunsten i erotikken, illustrert av verdens største kunstneres oppfatning av kjærlighetslivet. I alt 4 bind. Selges enkeltvis.

Hos bokhandlerne eller direkte fra Atlas Forlag.

### ATLAS FORLAG

Boks 1209 - Oslo 1.

Herved bestilles omgående ett eksemplar av ILLUSTRERT SEKSUAL-LEKSIKON - bind III, innb. kr. 36,00 + porto.

Navn: .....

Adr.: .....

Mag. 38-64

Det finnes ikke noe så godt som  
**SMØR**



Verdensnyhet fra USA



## CREST FORMA

### *Det skreddersydde kondom*

med naturlig passform innsvinget linje. Øker følelsen - passer akkurat. Glidemiddelbehandlet

KVALITETSPRØVET  
Kjenn forskjellen!

POSTBESTILLING:

Navn: .....

Adr.: .....

Mia 49-69

Send meg omgående med privat avsender godt og diskret pakket så ingen kan gjette innholdet:




### Er De ensom?

Gjør som tusenvis andre i samme situasjon. Skriv til oss, og vi sender Dem vår brosjyre etc. Blant våre mange medlemmer vil De finne en livspartner som passer nettopp for Dem. Vi har damer og herrer i alle aldre og fra alle samfunnslag.

NORSK BREVKLUBB Boks 75, Smestad (Grunnlagt 1912) Oslo 3. Tlf. 69 70 17 Oppgi alder. — Takk for svarporto.

**LB TIDENDE**  
- med nase for nyhende!

Dette  
praktiske  
DESTILLASJONS-  
APPARAT  
i glass  
kan De nå  
bestille!



### KJEMA-GLASS

Postboks 154, Drammen

Jeg bestiller ... stk. destillasjonsapparat som avbildet à kr. 79,- + porto.

Navn: .....

Adresse: .....

Mag. 38-64

LAT ATT GRINDI